
Fra: Jo Heldaas <Jo.Heldaas@helsedir.no>
Sendt: 22. desember 2015 12:14
Til: Jo Heldaas
Emne: Viktig informasjon til kommuneoverlegen, smittevernlegen og andre som er involvert i arbeidet med helsetenester til asylsøkarar

Kategorier: Rød kategori

Eg bed om at denne e-posten vert sendt vidare til kommuneoverlegen, smittvernlegen i kommunen og andre som er involvert i arbeidet med helsetenester til asylsøkarar.


MVH

Jo Heldaas

Kommunikasjonsavdelinga

Helsedirektoratet

Tlf 905 71 700



Helsetilbudet til asylsøkarar

Aktuell informasjon 22. desember 2015

Alle lekkene i denne e-posten er testa og fungerer. Det kan ta litt tid frå du klikkar på lekka, til sida kjem opp.

Grunnleggande krav i forskrift om miljøretta helsevern

Etter at det blei innført mellombelse endringar i plan- og bygningslova, har Helse- og omsorgsdepartementet bede Helsedirektoratet vurdere kva som er grunnleggande krav i forskrift om miljøretta helsevern – som ein ikkje kan vike frå.

Helsedirektoratet sende brev om dette til kommunane i førre veke – vår referanse 15/9444-63 datert 10.12.2015.

Helsedirektoratet har vurdert at krava som gjeld tilhøve for helse, hygiene og tryggleik i asylmottak, vil vere dei same uavhengig av kva type asylmottak det er snakk om.

Det er ikkje høve til å dispensere frå krava i forskrifta.

Direktoratet meiner at fylgjande tilhøve er av grunnleggjande verdi for helse og tryggleik ved asylmottak, uavhengig av kor lang tid asylsøkarane bur på staden:

- I rom for varig opphald (bl.a. soverom) må det vere minst eitt vindauge eller dør som kan bli opna mot det fri.
- Det skal vere sanitærutstyr (dusjar, toalett, handvaskar, m.m.) som er dimensjonert for det talet på personar som oppheld seg i mottaket.
- Det må vere etablert gode rutinar for reinhald
- Verksemda må bli driven slik at skadar, ulykker og smittsame sjukdommar blir førebygd.

Dekning av kostnadar til helsehjelp

Alle asylsøkarar i alle typar asylmottak, òg på mellombelse overnattingsplassar (akutt innkvartering) og transittmottak, har rett til helsehjelp på lik line med andre innbyggjarar i kommunen.

Rettar til helsetenester for asylsøkarar, flyktningar og deira familiemedlemmar er skildra i helse- og omsorgstenestelova §3-1, pasient- og brukarrettslova § 2-1c, og forskrift om trygdedekning for asylsøkarar og deira familiemedlemmar § 2.

Retten til helsetenester gjeld frå det tidspunkt ein person kontaktar norske styresmakter for å søke om vern (asyl).

Asylsøkarar på mellombelse overnattingsplassar (akutt innkvartering) har rett til økonomiske ytingar og til dekning av kostnadar til helsehjelp på lik line med asylsøkarar som oppheld seg i transittmottak. Les meir om økonomiske ytingar i [pengereglementet til UDI](#).

Kostnader til helsetenester for asylsøkarar i ankomstsenter, akutt innkvartering, i transittmottak og ordinære mottak blir dekt gjennom fleire ulike finansieringsordningar: rammeoverføringar, vertskommunetilskot, refusjonar frå HELFO og eigenbetaling frå pasientar.

Dei som bur i ankomstsenter, akutt innkvartering og transittmottak får ikkje de same ytingane frå UDI som asylsøkarar i ordinære mottak. Sidan dei ikkje har høve til å betale eigendelen sin ved utgifter til helsetenester, vil UDI dekke eigendelen til asylsøkarar. Eigendelen omfattar òg naudsynt transport i samband med behandling. For meir informasjon sjå Pasientreisars informasjon om [asylsøkarar sin rett til pasientreiser](#).

Refusjonar og eigendel

Behandlarar med avtale kan krevje honorar for utført helsehjelp til asylsøkarar. Honoraret inneheld eit krav om refusjon til HELFO og ein eigendel frå pasienten. Krav om refusjon for utført helsehjelp til asylsøkarar skal sendast til HELFO på vanleg måte.

[HELFO skildrar på sin nettside](#) korleis behandlarar kan sende inn krav om refusjon for asylsøkarar utan D-nummer eller personnummer.

Sidan dei som bur i ankomstsenter, akutt innkvartering og i transittmottak ikkje har høve til å betale eigendel for helsetenester, kan behandlarar få refundert eigendelen ved å sende kravet direkte til UDI på fylgjande adresse:

Utlendingsdirektoratet
Fakturamottak DFØ
Postboks 4101
2307 Hamar

Merk fakturaen Ref 1110mmpe

Førebygging og handsaming av influensa på asylmottak

Svineinfluensaviruset A(H1N1), som er påvist i asylmottak, er nå å vurdere på lik line med andre sesongbaserte influensavirus. Les meir om [førebygging og handsaming av influensa på asylmottak hos Folkehelseinstituttet](#).

Yrkesvaksinasjon for tilsette ved asylmottak

Folkehelseinstituttet tek i mot fleire spørsmål om behov for vaksinasjon av tilsette ved mottaksenter og asylmottak. Les meir her: <http://www.fhi.no/artikler/?id=116934>

Oppdaterte råd om vaksinasjon av asylsøkarar

Vaksinasjonsråd til asylsøkarar blir oppdatert. Dei siste tilrådingane som er lagt til handlar om vaksining mot sesonginfluensa: <http://www.fhi.no/artikler/?id=116864>

Skadedyr

Asylmottak kan oppleve problem med kakerlakkar og veggedyr. Les meir her <http://www.fhi.no/artikler/?id=116798>

Temasida til Folkehelseinstituttet

Temasida til Folkehelseinstituttet med råd til helsetenesta, om helsa til asylsøkarane er oppdatert med presiseringar av kva tider som er tilrådd for gjennomføring av råda frå Folkehelseinstituttet (og ikkje inndelingar etter ulike typar mottak):

<http://www.fhi.no/tema/asylsokeres-helse>

Det er òg høve til å abonnere på daglege oppdateringar av nyhende frå dette temaområdet, her:

<http://fhi.us5.list-manage.com/subscribe?u=08cabac37c5c9690de083611d&id=c18b0957c5>

Nettsidene til [Helsedirektoratet](#), [Folkehelseinstituttet](#) og [UDI](#) blir jamt oppdaterte.

Spørsmål om innhaldet i denne e-posten kan de rette til kommunikasjonsavdelinga i Helsedirektoratet ved Jo Heldaas på telefon 905 71 700 eller e-post jo.heldaas@helsedir.no